

Årsmelding 2017

Vennelaget Jan-Magnus Bruheim

Vennelaget

«Vennelaget Jan-Magnus Bruheim» vart stifta i forkant av jubileumsåret i 2014. Laget skal vera med å halde oppe interessa for diktinga og skapa kontakt med andre venner av forfattaren. Vennelaget er organisert gjennom heimesida: janmagnusbruheim.no. Det er 253 personar som er registrert på denne lista. Vennelagspengane har m.a. vore med og støtta arrangement i jubileumsåret. Når du først er medlem, gjeld det for alle år framover, det er ikkje snakk om årlege medlemspengar. Folk har betalt inn alt frå 100 til 1000 kroner, eller kva dei måtte ønskje. Dette har vore ein god finansieringskjelde, vi set stor pris på kvar og ein.

§ 2. Føremål

Føremålet til foreininga er å vidareføre det arbeidet som vart sett i gang under jubileumsåret i 2014 og å gjere livet, diktinga og heimbygda til Jan-Magnus Bruheim betre kjend og tilgjengeleg. Det økonomiske overskotet frå jubileumsåret 2014 er øyremerka utgjevinga av ei barnebok med dikt av Jan-Magnus Bruheim. Foreininga skal også skape interesse for og spreie informasjon og kunnskap om litteratur og forteljarkunst generelt, og nynorsk litteratur og diktarane i regionen spesielt. Dette vil vi oppnå gjennom å samarbeide med Diktardagar i Ottadalen og andre arrangement/tiltak. Foreininga vil samarbeide med biblioteket, skulane og kultursektoren i kommunen og andre aktuelle samarbeidspartnarar.

Aktivitet 2017

Diktardagar

Vi var med under Diktardagar 2017 som m.a. billettørar, bokseljarar og programleiar. Magnhild Bruheim er Vennelaget sin representant i Diktardagar Vågå, Lom og Skjåk. Vi skal ha ansvar for programmet i 2018, Magnhild har hatt ein stor jobb i høve dette. Ho har brukt mykje tid på å søkje finansiering og sy saman programmet. Dato for Diktardagar 2018 er 30. august – 2. september.

Diktarstig i Botnane

Magni Øvrebotten er prosjektleiar for ein ny diktarstig med dikt av Jan-Magnus Bruheim. Opninga av denne stigen skal gå føre seg 18.08.2018. Vennelaget Jan-Magnus Bruheim har støtta dette prosjektet økonomisk. Magni har brukt mykje tid på å søkje finansiering og organisere dugnadar.

Barneboka

Redaktør: Hildegunn Solberg Nes

Medlem: Sigrun Eide

Medlem: Ingvill Høgvoll

22. september var Hildegunn, Sigrun og Ingvill i Oslo for å møte Samlaget ved Håkon Kolmannskog og Brynjulf Tjønn. Vi fekk laga ei avtale om at boka skal vere ferdig i juni 2018 og at det er Jens Kristensen som skal illustrere boka. Hildegunn har stått for utvalet av dikt. Vi finansierer boka sjølve.

Hildegunn og Sigrun har brukt mykje tid på korrekturlesing og dei har hatt tett kontakt med Brynjulf Tjønn frå Samlaget. Vi har gjort avtale med Skjåk ungdomsskule om at boka skal lanserast her under Diktardagar 2018. Den skal også lanserast under opninga av Diktarstien i Botnane.

Sal av Dikt i utval, berenett og postkort

Sigrun organiserer salet. Vi sel fortsatt mykje. Skjåk folkebibliotek er ein god og nødvendig samarbeidspartner i dette arbeidet.

Heimeside og facebook

Nettsidene våre er fortsatt populære. Vi har 9 370 fylgjarar på facebook.

Møte

Styret hadde tre møter i 2017: 12/4, 4/9 og 16/10. Årsmøtet gjekk føre seg 4. september på Billingen Seterpensjonat.

Styret i 2017

Leiar: Sigrun Eide (frå 2017), vald for 1 år

Skrivar: Sigrun Eide (frå 2016), vald for 2 år

Styremedlem: Rolv Kristen Øygard (frå 2016), vald for 3 år

Styremedlem: Else Hove Hyrve (frå 2016), vald for 2 år

Styremedlem: Magni Øvrebotten (frå 2016), vald for 3 år

Styremedlem: Ingvill Høgvoll (frå 2016), vald for 3 år

Kasserar: Ingulf Brandsarbakken (frå august 2017), vald for 3 år

Vara: Magnhild Bruheim (frå 2016), vald for 2 år

Vara: Tora Eiterjord (frå 2016), vald for 2 år

Valnemnda

Sevald Sperstad, leiar i nemnda, vald for 3 år (frå 2016)

Ingeborg Randen, vald for 2 år (frå 2016)

Mari Brenna, vald for 3 år (frå 2017)